

Samarbeidsavtale om kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder

1. Bakgrunn

Kartlegging og verdsetting av friluftsområder er eit viktig kommunalt verkemiddel for at friluftsliv skal vere ein prioritert og tydeleg faktor i samfunns- og arealplanlegging. Tiltaket er forankra i Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv (2014-2020), Nasjonal handlingsplan for statlig sikring og tilrettelegging av friluftslivsområder (2014-2020), Regional folkehelseplan (2014-2025) og Regional kulturplan (2015-2025). Hordaland fylkeskommune har mål om å kartlegge og verdsette lokale friluftslivsområder i alle kommunar i Hordaland i perioden 2014 - 2018. Arbeidet skal utførast i tråd med Miljødirektoratet sin rettleiar M98-2013 Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder.

2. Avtalepartnarar

Avtalen gjeld mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen og Omland Friluftsråd.

3. Samarbeidet

Føremålet med samarbeidet er å:

- Kartlegge og verdisette friluftslivsområda i kommunane, med særleg fokus på nærfriluftsliv.
- Styrke arbeidet med å identifisere, utvikle og ivareta friluftslivsområder i kommunane.
- Styrke kunnskapen om friluftsområda i regionen og bidra til auka kompetanse i å forvalte friluftslivsområda i Hordaland fylke, gjennom eit interkommunalt samarbeid.

4. Hordaland fylkeskommune sitt ansvar:

- følgje opp kartleggingsarbeidet ovafor Miljødirektoratet.
- Bidra med økonomiske ressursar til administrasjon, opplæring og rettleiing, innkjøp av felles digitale kartnestre og verktøy.
- Tilrettelegge for regionalt fagnettverk innan kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder.

5. Bergen og Omland Friluftsråd sitt ansvar:

- Motivere sine medlemskommunar til å gjennomføre kartlegging og verdisetting av friluftsområder.
- Å bistå medlemskommunar av BOF og dei kommunane som ikkje er medlem som ønsker lokal prosjektleiar til kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder.

Som lokal prosjektleiar vil BOF delta på oppstartsmøte og 3 arbeidsmøter samt grundig opplæring i metodikk for den enkelte kommune. Ved behov om meir møter utførast det ved hjelp av videokonferanse, og anna korrespondanse. BOF tek seg av informasjons- og oppstartsmøte, digitalisering, kvalitetkontroll, slutføring, leveranse i Naturbase, samt sluttrapport. Ved denne avtalen vil midlane vert utbetalt til BOF (60.000 + eventuelt 30.000 digitalisering).

- Ha hovudansvaret for at arbeidsgruppa i kvar kommune er riktig representert og at arbeidet er i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar M98-2013 Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder, og i høve til nærmiljøområda.

- Delta på regionalt fagnettverk inntil to gonger per år, og bidra med faglege innlegg på regionale konferansar.
 - Bergen og Omland Friluftsråd sender rapport til Hordaland fylkeskommune årleg innan 1. mars om status om framdrift i kor langt kommunane har kome med arbeidet i høve til:
1. Informasjonsmøter, kommunalt vedtak om oppstart, etablerte arbeidsgrupper.
 2. Gjennomføring: oppstartsmøter, grovkartlegging inkl. områdetypar, verdsetting og justert områdeavgrensing, digitalisering.
 3. Sluttføring: kvalitetssikring, ferdigstilling, opplasting i Naturbase, kommunalt sluttvedtak om bruk og ajourhold.
 4. Økonomi: oversikt over utgifter og finansiering.
 5. Sluttrapport skal sendast Hordaland fylkeskommune når prosjektet er ferdigstilt.

6. Økonomi

75 % av beløpet vert utbetalt ved oppstart, resterande 25 % vert utbetalt ved ferdigstilling. Ved oppmodning om sluttbetaling skal alle kommunale data vere lasta inn i Naturbase.no og det skal følgje ein sluttrapport med rekneskap.

BOF får kr 200 000 frå HFK i 2017 for å dekke kostnadane med rådgjeving og motivering, møte og oppsøkande verksemد for dei 11 kommunane som ikkje tek del i prosjektet med mål om prosjektdeltaking i 2017/ 2018.


7. Avtalens varighet:

Avtalen trer i kraft frå dags dato og gjeld til 31. desember 2018.

Avtalen er underteikna i to eksemplar kor avtalepartane held på kvar sitt.

Avtalen er underteikna i to eksemplar kor avtalepartane held på kvar sitt.

21.12.2016 / Bergen

Dato/stad


 Åge A. Landro
 Administrativ leiar
 Bergen og Omland Friluftsråd

21.12.2016 / Bergen

Dato/ stad


 Britt Karen Spjeld
 Fylkesidrettssjef
 Hordaland fylkeskommune